

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	12.05.2023
Vår referanse	2023/55518-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om utsett byggjefrist og planendring for Bordalen, Skromme og Kvernhuselva kraftverk i Etne kommune

Bakgrunn

Søknad om planendring

Det har kome inn søknad til NVE frå Rullestad og Skromme Energi AS, datert 02.03.2023, om å endre føresetnadene gitt i konsesjon (kgl.res. 09.12.2016) for Kvernhuselva, Skromme og Bordalen kraftverk.

Rullestad og Skromme Energi AS søker om endring av følgjande for Bordalen kraftverk:

- Å byggje Bordalen kraftverk i tråd med alternativ 3 i den opphævelege konsesjonsprosessen, med inntak i Bordalselva på om lag kote 387 og kraftstasjon på om lag kote 100,5.
- Redusere slukeevna frå 6,5 m³/s til 4,1 m³/s
- Redusere installert effekt frå 20,5 MW til 9,9 MW

Søknad om utsett byggjefrist

Det har kome inn søknad til NVE frå Småkraft AS på vegne av Rullestad og Skromme Energi AS, datert 09.06.2021, om å få forlenga byggjefristen for Bordalen, Skromme og Kvernhuselva kraftverk med fem år, til 09.12.2026. Rullestad og Skromme Energi AS fekk konsesjon til å byggje kraftverka 09.12.2016.

Kulturminne

Saka er vurdert av regional kulturminnemynde, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune.

Angående søknad om utsett byggjefrist for kraftverka Bordalen, Skromme og Kvernhuselva, så vedkjem det ingen kulturminneinteresser. Vi viser her til vilkåra i konsesjonen av 9. desember 2016 (pkt. 7) om at undersøkingsplikta (jf. kml. § 9) knytt til tiltaksområda skal vere oppfylt i god tid før anleggsstart.

Når det gjeld endring i planen om utbygging av Bordalen alternativ 2 i høve konsesjonen, til i staden å byggje ut Bordalen alternativ 3, vil det ikkje medføre vesentlege endringar i konsekvensane for kulturminneinteressene i områda. Begge alternativa vil råke den gamle ferdselsåra som er registrert som automatisk freda i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase «Askeladden» med id. nr. 112739. For alternativ 3 vil det også bli naudsynt med arkeologisk registrering (jf. undersøkingsplikta etter kml. § 9) i tiltaksområda for å avklare konsekvensane for både kjente og hittil uregistrerte kulturminne. Registreringa må bli utført i god tid før anleggsstart. Dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, gjer vi merksam på at planane må bli endra eller søkjast dispensert for etter kulturminnelova § 8.1.

Regional kulturminnemynde viser elles til vår fråsegn om kulturminne i samband med høyringa av konsesjonssøknaden, datert 01.02.2012.

Friluftsliv

I denne saka er det snakk om endring/nedskalering av ei utbygging som det er gjeve konsesjon til. Etter det vi kan sjå har alternativet som dei no søker om (alternativ 3) truleg mindre konsekvensar for friluftsliv enn det det er gjeve konsesjon for, da inntaket ligg lengre ned og då lengre unna turstiar i Etnefjella. Vi ser difor ikkje at denne endringa har betydning for friluftslivet.

Vassmiljø

I vedlegg til konsesjonssøknad – fisk og botndyr, konkluderer Laboratorium for ferskvannsøkologi og innlandsfiske (LFI) ved Universitet i Oslo med at Børdal 3 gir minst konsekvensar for fisk og andre ferskvassorganismar. Inntaket ligg lågare enn i det konsesjonsgjevne forslaget slik at mest mogleg elv oppstraums overføringsstaden ikkje blir påverka. Redusert slukeemne vil ikkje vere negativt for ferskvassorganismar. Både demningen og inntaksdammen vil vere større ved det nye alternativet, men vi vurderer ikkje det som avgjerande for påverknaden tiltaket har på ferskvassfaunaen. Vi har difor ikkje avgjerande merknadar til endringane i høve vassmiljø.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

seksjonssjef

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot

rådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

ETNE KOMMUNE

Sjoarvegen 2

5590

ETNE